



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

BULKEN SKULE



6. nov. – 9. nov. 2006.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

7 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeide vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

2 FAKTA OM SKULEN



Logoen viser ein typisk "Bulkar". Han er flink til å arbeida, jordnær, likar helst å skapa noko i lag med andre – er ikkje redd for å ta tunge tak og er riktig flink til å få mykje ut av lite, - som de skjønar, - på Bulken skule er dei små maur alle i hop, liten som stor byggjer dei ein skule i lag.

Skulen er i dag 4-delt med 77 elevar. Me finn skulen ved enden av Vangsvatnet, om lag 7 km frå Voss sentrum, langs Bergensbana på veg mot Bergen. Mange av elevane kjem frå gardane rundt omkring, og i tillegg har Bulken eit statleg mottak som til vanleg har om lag 10 elevar ved skulen.

3 VURDERINGSTEMA

Bulken skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Sosial kompetanse – positivt elevmiljø.

Skulen ynskjer å få vurdert skulen sine ulike opplegg med å skapa ein skule med positivt og inkluderande elevmiljø. Skulen har t.d. utarbeidd eit årshjul i høve til elevaktivitetar, opplegg for ansvarslæring, fadderordning, opplegg med fellessamling – "skule for liten og stor", god overgang barnehage – skule og skulen nyttar Lions Quest sitt opplegg "Det er mitt val" for 1.-7. årssteg.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Tema : Sosial kompetanse – positivt elevmiljø.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeid- det er lagt tilrette for kunnskapsdeling/metodedrøfting- skuledagen er organisert for tilpassa opplæring- personalet er opne for endringar- skulen vurderer jammleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søkjer informasjon sjølve
Personalet har god kompetanse og felles plattform som grunnlag for arbeidet med elevmiljøet	<ul style="list-style-type: none">- personalet har god kompetanse innan klasseleiing og fremjing av sosial kompetanse- personalet er gode rollemodellar for godt samspel- skulen kartlegg behov og har plan for kompetanseutvikling- personalet sitt arbeid byggjer på ei felles forståing av godt elevmiljø- personalet tek kollektivt ansvar for elevane
Skulen arbeider systematisk med eit godt elevmiljø	<ul style="list-style-type: none">- skulen har ein heilskapleg og langsiktig plan for utvikling av eit positivt skulemiljø- skulen har ein tiltaksplan mot mobbing- skulen nyttar verkty som t.d. Elevinspektørane for kartlegging av elevane sitt læringsmiljø- skulen nyttar undervisningsopplegg som fremjar sosial kompetanse- skulen har gode rutinar for informasjon og kommunikasjon med foreldra- skulen samarbeider med lokalsamfunnet om eit godt oppvekstmiljø



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Elevane opplever eit stimulerande og inkluderande læringsmiljø

- elevane får arbeidsoppgåver som utfordrar dei
- elevane opplever dagleg meistring
- elevane får oppgåver som gjev høve til samhandling
- elevane har ein god tone seg i mellom
- elevar og lærarar er høflege og vennlege mot kvarandre
- elevane hjelper, støttar og tek omsyn til kvarandre
- det fysiske miljøet og organiseringa av skuledagen gjev gode vilkår for positivt samspel



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Tilsette, elevar og foreldre.
- Eksterne : Marit Gursli og Willy Solberg frå vurderingsgruppa.
- Hospitantar: Frå HAFS+Høyanger skuleregion deltok Bente Paulsen, Arvid Wallevik og Gunnlaug Olsvoll Røed som hospitantar/med for å læra metodikken til vurderingsgruppa.

Grunngjeving for val av informantar

Når skulen har valt vurderingstema som "sosial kompetanse – positiv elevmiljø", er det viktig at alle involverte partar er med. Dei må alle få komma med innspel som kan vera med å bidra til ein positiv utvikling av prosessen skulen no har starta. Ut frå tema er det viktig at både skulen og heimen spelar på lag.

Alle tilsette er blitt intervjuet. Frå kvar klasse vart fire elevar vilkårleg trekt ut og intervjuet. Skulen sitt FAU og klassekontaktane vart kalla inn til møte med vurderarane.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølv vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 35	Skulen melder inn vurderingstema Skulen sender diverse informasjon til vurderingsgruppa	Skulen
Veke 36	Vurderarane startar arbeidet med å utarbeida forslag til kriterium og førsteutkast til samtaleguidar og spørjeskjema	Vurderarane
Veke 41	Kriterium og teikn på god praksis vert presentert for skulen. Evt. endringar vert sendt tilbake til vurderarane innan veke 43. Skulen planlegg den praktiske gjennomføringa i vurderingsveka etter ynskje frå vurderarane.	Vurderarane Skulen
Veke 43	Skulen får tilsendt påstandsskjema for elevene på 3. – 7. trinnet. Alle skjema returnerast til vurderarane innan byrjinga av veke 44	Vurderarane Skulen
Veke 44	Oppsummering av påstandsskjema og endelege samtaleguidar vert utarbeidd.	Vurderarane
VEKE 45	VURDERINGSVEKA. Måndag: Informasjonsmøte med dei tilsette før sjølv vurderinga – kl. 14.30. Foreldremøte kl. 18.00 med FAU og alle klassekontaktane Tysdag og onsdag: Samtalar med tilsette, rektor, elevar og observasjon i klassane etter oppsatt program Torsdag: Framlegging av førebels rapport og rapportvedlegg.	Begge partar Vurderarane Skulen og vurderarane Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Veke 47	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget – på fastsett skjema som vert sendt skulen	Skulen
Nov/des 2006	På rektormøte deler rektor sine erfaringar med meir med dei andre skulane i kommunen. Rapporten vert lagt ut på regionen si nettside	Kommunen og regionen

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sendte vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, informasjon om arbeidsplanar, klassereglar og aktivitetsplan.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sendte vurderingsparet ut eit påstandsskjema for elevar. Dette vart fylt ut av elevane frå 3.-7. trinnet som vurderarane oppsummerte.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i skulen sine planar og vurderingstema skulen hadde valgt og som skulen godtok.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane.

Observasjon

Vurderarane gjekk rundt og observerte i alle klassane. Alle klassane tok godt i mot vitjing frå vurderarane, og ein fekk eit godt inntrykk av atmosfæren i klassane. Vidare vart det observert korleis dei ulike undervisningsromma var utforma.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå samtalar og observasjon, skulen sine planar og anna relevant materiell mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Engasjerte og positive føresette.**
Det vart gjeve uttrykk for at føresette er flinke å møta opp på arrangement i skulen sin regi, dei er aktive i dugnadsarbeidet og flinke til å møte på foreldremøte og konferansetimar. Dei syner stor interesserte for skulen og elevane sitt arbeid. I og med alle partar fortel om eit særst godt samarbeid ligg det godt til rette for at heim og skule i fellesskap kan vere med og utvikle skulen vidare.
- **Det er høg trivsel blant elevar og lærarar.**
Samtlige elevar og lærarar gav uttrykk for høg trivsel under intervju, dei gav uttrykk for at samarbeidet var særst godt ved skulen. Dei har mange sosiale arrangement i løpet av året t.d. "Skule for liten og stor". Elevane gav uttrykk for at dei hadde vener ved skulen og lærarane gav uttrykk for godt kollegialt samarbeid. Det var engasjerte og aktive elevar ved skulen. I møte med vurderarane var elevane opne og tillitsfulle. Det kom òg fram at det var stor endringsvilje i personalet og fleire tok vidareutdanning.
- **Gode og trivelege undervisningsrom.**
Under observasjon av skulen møtte vi ryddige og trivelege klasserom. Me såg mykje fint elevarbeid som var presentert på ein tiltalende måte. Klasseromma var møblert slik at dei gav rom for fleksible undervisningsmetodar.
- **Store og allsidige uteareal.**
Vurderarane observerte stor elevaktivitet som t.d. fotballspeling og hyttebygging ute i friminutta. Det verka som at det var inkluderande aktivitetar.
- **Høg sosial aktivitet**
Skulen sin aktivitetsplan viser "Skule for liten og stor" som er eit arrangement for heile bygda. Dette er eit tidkrevjande arbeid og svært populært i skulesamfunnet og for bygda. Elevbedrifta har fått fleire prisar og den har stor aktivitet og produserer på bestilling gjennom heile året. Det vert òg gjeve ut skuleavis. Desse arrangementa er forankra i lokale tradisjonar.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Ut ifrå kriteria og teikn på god praksis som skulen skulle målast opp mot, var det svært lite å setje fingeren på. Dette kan tyde på at praksis ved skulen ligg svært nært glansbiletet.

Kriteria og teikna var sett opp av vurderarane og godkjent av skulen før sjølve vurderinga tok til.

Det vart på førehand gjeve uttrykk frå skulen si side at dei ønskjer innspel på "om me har for stor vektning på arbeidet med å skape positivt elevmiljø og at dette i periodar kan gå utover elevane sitt faglege arbeid."

Vurderarane vil ut frå dette komme med forslag til nokre utviklingsområde:

- **Elevbedrift**

For å oppnå god sosial kompetanse må det brukast mykje tid og ressursar. Elevbedrift er ein god metode for å oppnå god læring og fagleg utvikling. Men me meiner at skulen nyttar for mykje tid på elevbedrifta, og tenkjer særskilt på tida som vert nytta til produksjon. Me trur at læringa og alt det positive som arbeidet med elevbedrifta gjev, ikkje vil verte skadelidande sjølv om ein brukar mindre tid på produksjon.

I den nye læreplanen er det gjeve uttrykk for at ein skal ha klare målformuleringar med arbeidet i skulen. Måla i faga (t.d. norsk, matte og mat og helse) kan godt knytast opp til arbeid i elevbedrift og vil gje ei bevisstgjøring av læringa. Denne bevisstgjøringa kor ein går frå "gjering til læring" er viktig å få fram i arbeidet med elevbedrifta.

- **Tilpassa opplæring**

I observasjonane såg ein mykje godt arbeid med tilpassa opplæring. Skulen nyttar arbeidsplanar og stasjonsarbeid som metode for å oppnå tilpassa undervisning. Dette kan skulen vidareutvikle.

Stasjonsarbeid kan vere ein ypparleg metode i den første lese- og skriveopplæringa.

Bulken skule nyttar stasjonsarbeidet i 7. årstrinn som differensiering av undervisninga. Etter utprøvsperioden må skulen ta ei avgjerd på om stasjonsarbeid skal vere ein metode dei skal ta i bruk og kva tid dei skal starte.

Rammer og ressursar ved skulen må leggest til rette for at stasjonsarbeid skal kunne gjennomførast. Denne metoden må igjen forankrast i skulen sine planar.

Arbeids- og vekeplanar er i bruk ved skulen, men kan nyttast meir og vidareutviklast.

Me vil rå til at det vert sett læringsmål i dei ulike faga på arbeids- og vekeplanane.

Dette for å bevisstgjere både lærarar, elevar og føresette. Læringsmåla må vere lettfattelege, konkrete og differensierte.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

- **Elevsamtalen.**

Ikkje alle elevane får dei to elevsamtalane som er pålagt. Personalet ser ikkje ut til å ha felles oppfatning av elevsamtalen sin hensikt og betydning. Elevsamtalen er eleven sin "medarbeidarsamtale" og skal hjelpe eleven til utvikling og refleksjon over eige arbeid. Elevsamtalen skal hjelpe eleven til å nå måla i Kunnskapsløftet, og faglege mål og utfordringar bør drøftast i tillegg til trivsel i kvardagen. Me trur det er tenlege med oftare og kortare elevsamtalar. Skulen bør difor legge til rette for at dette lar seg gjennomføre.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER 2006 – BULKEN SKULE

Utviklingsområde	Idear
Elevbedrift	Mindre tid på produksjon. Kortare driftsperiode. Kople faglege mål inn mot elevbedrifta.
Tilpassa opplæring	Læringsmål på arbeidsplan og vekeplan. Ta avgjer på ei tilpassa Nylund modell, kor mykje tidsbruk og på kva årstrinn. Me tilrår min 4 timar pr veke, gjerne fordelt på 2 økter.
Elevsamtalen	Kortare og hyppigare. Felles forståing. Tid til gjennomføring. Utarbeide felles mal som inneheld faglege mål, utfordringar og trivsel. Forpliktande avtale mellom elev og lærar.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 9. november 2006.

Marit Gursli – sign.

Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Willy Solberg – sign.

Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1.

Påstandskjema for elevar 3. – 7. trinn, Bulken skule.

Set kryss under tala: 3 - heilt einig, nedover mot 0 - heilt ueinig.

	Påstandar	3	2	1	0
1	Eg er trygg på skulen.				
2	Eg har venner på skulen.				
	Det er kjekt i friminutta.				
3	Det er få konflikhtar på skulen.				
4	Me snakkar om mobbing i klassen.				
5	Det er arbeidsro i timane.				
6	Eg fylgjer reglane som gjeld i klassen og på skulen.				
7	Eg arbeider på mange ulike måtar på skulen.				
8	Eg får oppgåver som eg må grubla litt på.				
9	Læraren gjev tilbakemelding på korleis eg gjer skulearbeidet.				
10	Eg har elevsamtale med læraren min kor me mellom anna snakkar om korleis eg har det på skulen.				
11	Læraren snakkar med meg kvar dag.				
12	Me får vera med på å bestemma litt kva me skal gjera og læra på skulen.				
13	Eg veit kva læraren ventar av meg når det gjeld læring.				
14	Klasserommet vårt er triveleg.				
15	Me har fysisk aktivitet på skulen kvar dag.				
16	Dei vaksne heime får sjå vekeplanen min kvar veke.				
17	Foreldra mine er interesserte i kva me gjer og lærer på skulen.				
18	Om det er noko anna du vil fortelja - bruk baksida av arket.				



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa